



- eit fyrtårn i vest

## **Følgjebrev for melding om individuell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne § 37 i Øygarden kommune**

Gjeldande frå 2023



Barnehagelova, § 37: «Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurdering av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostandene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser (...)»

## **Rutinar for når og korleis ein melder om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne etter §37:**

### **Vilkår for individuell tilrettelegging:**

For at eit barn skal få eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, må kommunen vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne i høve det ordinære barnehagetilbodet.

Kommunen må også i kvart enkelt tilfelle ta stilling til kva som ikkje er tilstrekkeleg med det ordinære barnehagetilbodet, og kva som skal til for at barnet skal kunne nyitta barnehageplassen som dei andre barna i barnehagen.

Kommunen må vurdere kva som vil vera eit eigna tilbod til det enkelte barnet med utgangspunkt i barnet sine individuelle behov. Og det må konkretiserast i kva situasjoner barnet treng hjelp og korleis hjelpa skal gjevast.

### **Kva er kommunen sitt ansvar:**

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Barn med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i barnehagen på lik linje med andre barn. Kommunen si plikt gjeld for barn med nedsett funksjonsevne, som er busett i kommunen og som har barnehageplass.

### **Kva er barnehagen sitt ansvar:**

Barnehagelova §2 tredje ledd stiller krav til at barnehagen skal tilpasse tilbodet blant anna ut ifrå barnet sitt funksjonsnivå. Det betyr at barnehageeigar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at også barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med lova.

Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjere innanfor dei ordinære rammene.

Tilretteleggingsplikta til kommunen må avgrensast mot plikta og ansvaret til barnehagen for tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Ut i frå barnehagelova §§ 1 og 2, saman med rammeplanen, er det barnehageeigars ansvar å gi individuell tilrettelegging og den strekken seg langt. Barnehagelova §§ 1 og 2, supplert med rammeplanen, er generelle anordningar som angir kva barnehagetilbodet til alle barn skal innehalde.

Det er grunntanken til barnehagen at innhaldet til barnehagen skal tilpassast gruppa og enkeltbarnet sine behov. Barnehagen skal gi kvart barn utfordringar med utgangspunkt i barnet sitt funksjonsnivå, ressursar og føresetnadar. Innhold og progresjon må planleggast etter dette.

Inkludering i barnehagen handlar også om tilrettelegging for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnader. Den viktigaste sosialiseringarenaen til barnehagen er leiken. For nokre barn kan tidleg innsats innebere at personalet arbeider særleg målretta og systematisk - over kortare eller lengre periodar - med å inkludere barnet i meiningsfulle fellesskap».

*Tilrettelegginga skal bidra til at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet og få likeverdige aktivitets- og utviklingsmoglegheiter som andre barn. Dersom barnet ikkje kan få tilstrekkeleg tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet, er det kommunen som er ansvarleg for å legge til rette barnehagetilbodet.*

**Kva er nedsett funksjonsevne:**

Vilkår for å få eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, er at barnet har nedsett funksjonsevne. Dette omgrepet er ikkje definert i barnehagelova. I forarbeida til lova blir det synt til at omgrepet i anna lovverk er definert som «tap av, skade på eller avvik i ein kroppsdel eller i kroppen sine psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar (NOU 2001:22). I «Til barnets beste» (NOU 2012:1) blir det uttalt at å ha nedsett funksjonsevne ikkje i seg sjølv utgjer ei funksjonshemmning. Dei seier vidare at ein legg til grunn ein sosial relasjonell forståing for omgrepet funksjonshemmning. Det vil seie at funksjonshemmning oppstår når det ligg føre eit gap mellom individet sine føresetnader og omgjevnadene si utforming eller krav til funksjon.

Vilkåret omfattar difor både fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar. Desse må igjen avgrensast mot det som er kalla forbigåande tilhøve som t.d. ein brekt fot.

**Korleis gå fram om de har eit barn i barnehagen som har nedsett funksjonsevne som treng individuell tilrettelegging:**

Sjølv om barnet har ein nedsett funksjonsevne betyr det ikkje at barnet automatisk får vedtak om individuell tilrettelegging.

Barnehagen har etter barnehagelova plikt til å tilrettelegge slik at alle barn får eit individuelt tilpassa tilbod. Ein må organisere kvar dagen og dei ressursane ein har tilgjengeleg slik at det er til det beste for det einskilde barnet og barnegruppa.

Om ein har gjort tiltak internt i barnehagen, fulgt BTI og framleis ser at barnet treng meir hjelp og støtte, må ein vurdere å melde om behov for tilrettelegging eller til PPT.

**Kva er forskjellen mellom spesialpedagogisk hjelp §31 og tilrettelegging §37:**

Føremålet med spesialpedagogisk hjelp i barnehagelova § 35, er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av t.d. språklege og sosiale ferdigheter

Føremålet med tilrettelegging jmf. § 37 er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet, men å bryte ned barrierane som gjer at barnet kan nytiggjøre seg av barnehagetilbodet på same måte som andre barn. Det vil seie å tilpasse omgjevnadane til barnet, slik at barnet kan nytte barnehageplassen på lik linje med andre barn.

**Rolla til føresette:**

Vedtak etter § 37 er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og føresette har klagerett. Det er viktig at barnehagen har eit tett og godt samarbeid med føresette for å sikre at barnet får det beste tilbodet, anten det er innafor det ordinære barnehagetilbodet, knytt til ei eventuell tilmelding til PPT om spesialpedagogisk hjelp eller melding om individuell tilrettelegging.

Føresette kan motsette seg at barnehagen sender inn melding om tilrettelegging, men det er i loven ikkje oppstilt krav om samtykke sjølv om det i forvaltningslova er lagt opp til at føresette skal bli involvert i prosessen.

Kommunen har ei plikt etter lova om å tilrettelegge barnehagetilbodet, og kan vedta tilrettelegging på bakgrunn av opplysningar i saka og barnet sitt beste. Føresette kan då klage til Statsforvaltaren på kommunen sitt vedtak.

**Kva kan tilrettelegginga gå ut på:**

Tilrettelegging kan vere endring av bygg for å tilpasse behovet til barnet eller støtte til utstyr som barnet treng for å dra nytte av barnehagetilbodet. Tilrettelegging kan også vere ekstra bemanning, opplæring av tilsette eller andre tiltak som er nødvendige. Kva barnet har behov for må vurderast konkret i kvar enkelt sak. Det må vurderast kva situasjon barnet er i og kva støtte tiltaket vil ha for barnet. Dei konkrete tilretteleggingstiltaka skal vere formålstenlege, for å møte behova barnet har.

Dersom eigna individuell tilrettelegging kan skje på ulike måtar, er utgangspunktet at kommunen kan velge blant ulike effektive tilretteleggingstiltak. Dette skal skje i samråd med barnet sine føresette. Barnet sitt beste skal leggast til grunn i vurderinga. Barnehagen skal i størst mogleg grad fremje, inkludera og unngå segregering av barn med nedsett funksjonsevne.

**Saksrutine:**

- Behov for tilrettelegging jmf. §37 kan meldast heile året.
- Det bør meldast om behov innan 15. april for vedtak som skal gjelda for hausten
- Vedtak som skal gjelde for hausten bør meldast innan 15. april.
- Alle barnehagane skal innan 15. mai ha fått moglegheit til ei samtale og gått gjennom meldinga med sakshandsamar.
- Føresette og barnehagen skal innan 15. juni ha fått skriftleg vedtak.

**Forventingar til barnehagen:**

- Bruk av BTI som forarbeid også i høve § 37, som bla inneberer igangsette målretta tiltak og foreldresamarbeid.
- Presiser og avgrens meldinga om kva tilrettelegginga skal vera i høve det ordinære barnehagetilbodet.
- Trygge føresette på korleis barnet blir ivareteke innafor det ordinære tilbodet..

Er de usikker på utfylling av meldeskjema eller har andre spørsmål knytt til § 37, ta kontakt med sakshandsamar.

Anne Mette Dreyer eller Kjersti Sundal